



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Thon Hotel, Skei i Jølster
Møtedato	16.09.2019
Kl.	10:00 – 15.00

Faste medlemmer til stades:

Odd Atle Stegegjerdet

Anita Æsøy

Bente Underthun

Magnus Strand

Forfall til møtet:

Erlend Haugen Herstad

Varamedlemmer til stades:

Gunn Karin Sande

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet:

Frank Tore Farsund Tveit

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå møtet 14.06.19 vart underskriven.

SAK 8/19 Skriv og meldingar - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne 16. september 2019

Frå * låg det føre slik tilråding til vedtak:

Meldesak 1) Landskonferansen i Trondheim

Odd Atle, Anita, Bente og Magnus reiser på konferansen.

Meldesak 2) Reglement for medverknadsorgan i Vestland fylkeskommune

- Fylkesrådet kan ikkje sjå at det er kome med uttalar frå medverknadsorgana frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i forbindelse med sakshandsaminga av saka som gjeld reglement for medverknadsorgana i Vestland fylkeskommune. Fylkesrådet ber sekretær om å undersøkje om det er sendt uttale frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, og eventuelt kvifor det ikkje er teke med innspel frå Sogn og Fjordane i sakshandsaminga. Viser til saksnummer fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne sak 1/19 frå 15.01.19, der fylkesrådet samla sine innspel til arbeidet med nye reglement for medverknadsorgana i Vestland fylkeskommune.
- Fylkesrådet stiller spørsmål om kvifor det i framlegget til reglement for fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne skal vere 5 medlemmer frå organisasjonar som representerer menneske med nedsett funksjonsevne. En ser at det vil vere ein fordel at det er 11 representantar i fylkesrådet, der 7 av representantane er frå organisasjonane som representerer menneske men nedsett funksjonsevne ettersom medlemmar frå desse organisasjonane har høg kompetanse knytt til utfordringar for menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkesrådet ser også at det vil vere ein fordel med eit arbeidsutval med minimum 3 medlemmer for fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Fylkesrådet kan ikkje sjå at FFO har sendt inn forslag til representantar til det nye fylkesrådet. Fylkesrådet ber sekretær om å kontakte FFO for å undersøke kvifor dette ikkje er sendt inn.

Konklusjon: Sekretær følgjer opp punkta nemnd ovanfor.

Meldsak 3) Ymse

Fylkesrådet ynskjer å få informasjon om Førde Campus (og andre fylkeskommunale byggjeprojekt) i neste møte i fylkesrådet. Ein ynskjer særleg å få informasjon om korleis ein ser føre seg å legge til rette for menneske med nedsett funksjonsevne.

Konklusjon: Sekretær undersøker om nokon i sentraladministrasjonen kan informere om dette.

Framlegg til vedtak:

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande.
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak.

Avrøysting:

Samrøystes.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Framlegg til vedtak:

1. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek skriv og meldingar til vitande.
2. Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak.

SAK 9/19 Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - ny spesialistgodkjenning for sjukepleiarar

Frå * låg det føre slik tilråding til vedtak:

Høyrings svar til forslag om ny spesialistgodkjenning for sjukepleiarar:

Innspel frå Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

«Fylkesrådet ser svært positivt på at helse- og omsorgsdepartementet ynskjer å innføre spesialistgodkjenning for sjukepleiarar som gjennomfører den kommande masterutdanninga i klinisk allmennsjukepleie retta mot kommunale helse- og omsorgstenester.»

Avrøysting:

Samrøystes.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv høyringsuttale i møte 16. september.

SAK 10/19 Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - fjerne aldersavgrensing for BPA

Det låg det føre slik tilråding til vedtak:

Høyrings svar til om fjerning av aldersavgrensing for BPA:

Innspel frå Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

«Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser positivt på at ein fjernar aldersavgrensinga for menneske som før fylte 67 år har fått innvilga BPA. Fylkesrådet meiner vidare at menneske over 67 år bør ha lik rett til å få innvilga BPA som menneske under 67 år. Aldersgrensa bør opphevast. Vi lev lenger, og har betre funksjonsnivå i høgare alder no enn på det tidspunktet BPA vart innført. Dette gjer at ein kan oppleve å få behov for BPA i ein høgare alder enn ordninga legg opp til, noko som kan opplevast urettferdig.»

Avrøysting:

Samrøystes.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Høyringsvar til forslag om fjerning av aldersavgrensing for BPA:

Innspel frå Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

«Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne ser positivt på at ein fjernar aldersavgrensinga for menneske som før fylte 67 år har fått innvilga BPA. Fylkesrådet meiner vidare at menneske over 67 år bør ha lik rett til å få innvilga BPA som menneske under 67 år. Aldersgrensa bør opphevast. Vi lev lenger, og har betre funksjonsnivå i høgare alder no enn på det tidspunktet BPA vart innført. Dette gjer at ein kan oppleve å få behov for BPA i ein høgare alder enn ordninga legg opp til, noko som kan opplevast urettferdig.»
